

Forslag til strukturelle - og organisatoriske endringar.

Vigra Indremisjon

Utarbeidd av arbeidsgruppe nedsett av styret.

Innhald

Innleiing	2
Organisasjon og medlemskap	2
Åndeleg leiing	3
Leiarstruktur	4
Tenestegrupper	6
Gruppeleiarar	7
Møte og arbeidsstruktur	7
Liturgi.....	9
Barnedåp og konfirmasjon	10
Bryllaup og gravferd	10
Tilsette i Vigra Indremisjon.....	10
Hus og lokalitetar	10
Forhold til andre organisasjonar	11
Gjevarteneste	11
Visjon for arbeidet.....	12
Lovar for Vigra Indremisjon	12
Framdriftsplan	14

Innleiing

Organisasjon og medlemskap

Vigra Indremisjon vil etter vårt forslag halde fram med å vere ei foreining, og slik sett ein eigen juridisk eining, men ikkje eige kyrkjesamfunn. Det vil seie at medlemskap i Vigra Indremisjon ikkje er bunde til kva kyrkjesamfunn ein høyrer til, men til lovane i Vigra Indremisjon. Med andre ord kan dei ulike medlemmane stå i ulike kyrkjesamfunn, og likevel samtidig vere medlem i Vigra Indremisjon.

Det juridiske ansvaret for drift av foreininga vil framleis ligge til styret i Vigra Indremisjon. Dette gjeld juridiske og økonomiske spørsmål, drift og ansvar. Det øvste organet i Vigra Indremisjon vil framleis vere årsmøtet. Dette er slik det er i dag. Lovane vil vi derimot foreslå å endre, dette kjem vi tilbake til.

Vi vil foreslå formalisere medlemskapet i Vigra Indremisjon ein del i høve til korleis det er i dag. Vårt forslag er å opprette eit register der ein melder seg inn, og forblir medlem såframt ein ikkje melder seg ut, eller på anna vis blir sletta frå medlemsregisteret. Dette trur vi vil vere med på å bygge ein medlemsidentitet og dermed også forsamlingsidentitet. Om forsamlinga skal operere med medlemskontingent har vi inga meining om. Vi foreslår at nedre aldersgrense for fullverdig medlemskap i Vigra Indremisjon skal vere 15 år, slik det er vanleg i kyrkjesamfunn, og at ein eventuelt opprettar eigne barne- og ungdomsmedlem utan stemmerett for dei som er under 15 år.

Åndeleg leiing

Alle Guds born er kalla til å stå i ei åndeleg teneste, 1 Pet 2,4-10, der vi alle tener i samsvar med dei nådegåver og det kall som er gjeve av Herren.

Alle forsamlingar har etter mønster frå Bibelen, eit behov for å verte leia av eit åndeleg leiarskap. Sjå til dømes: Ap 14,22-23 og Ap 20,17.

Dette åndelege leiarskapet, gjerne kalla eldste eller hyrdar, har fleire sentrale kjenneteikn i si teneste. Nokre av desse kjenneteikna kan vere:

- * Tenande: 1 Pet 5,1- (har ikkje eigarskap!)
- * Utrustande: Ef 4,12-
- * Er gode førebilete i tale, ferd, tru og audmjukskap: Titus 1.5-
- * Nådegåvebaserte: 1 Kor 12 og Rom 12
- * Vokte/verne: Ap 20,28-

Desse er sett til å leie forsamlinga som ein heim for alle truande, der alle er søsken bundne saman med Jesu Kjærleik. Sjå Joh 13,34; Ef 5,1-2; Ap 2,42 og 1 Kor 12,12-27.

Alle som vedkjenner trua på Jesus Kristus er kalla til å følgje etter Jesus, Joh 21,19. Her blir vi alle kalla til å likne på Jesus - og dermed tale, tene og leie som Han. Dette fører til ein bevisst livsførsel der vi «representerer» Jesus med alt kva vi er og gjer. Berre den som sjølv er under Jesu leiarskap kan vere ein åndeleg leiar for andre. I Guds forsamling gir dette tilførsel av nødvendig «olje» i samlingslivet. Sjå Rom 8. 3-8 og 1 Pet 5.1-.

Vi er alle kalla til å la oss leie og å leie andre til Herren!

Arbeidsgruppa vil foreslå og innføre eit åndeleg leiarskap i forsamlinga etter modell frå bedehushandboka til IMF.

Styret vil altså få det juridiske, økonomiske og praktisk-driftsmessige ansvaret i foreininga, medan det overordna åndelege ansvaret vil verte lagt til det valde åndelege leiarskapet, heretter kalla hyrderådet. Begge desse organa er underlagt årsmøtet, og veljast av dei, men har ulik tenestetid. Styret vil ha ei tenestetid på 2 år, der halve styret er på val kvart år. Vårt forslag er at hyrderådet skal bestå av 3 valde menn, og blir velt for sju år i gongen. Første gongs val av hyrderådsmedlemmar må organiserast slik at ein ikkje får utbytting av meir enn ein medlem pr. år dei åra det er val på nye medlemmar. Dette for å sikre kontinuitet. Arbeids og ansvarsfordelinga mellom styret og hyrderådet er skissert i kvar sin arbeidsinstruks utarbeida for begge organa. Sjå vedlegg.

Medlemmane i hyrderådet har ein aktiv og tenande funksjon, og må såleis vere menn med eigenskapar som er eigna for denne type teneste. Det er ikkje tilfeldig kven ein vel til denne oppgåva. Vårt forslag er at styret og hyrderådet i fellesskap legg fram nye kandidatar til hyrderådet, og som eventuelt blir velt av årsmøtet. Valordninga må vere slik at det ikkje blir val mellom to eller fleire

ulike kandidatar, men meir slik at årsmøtet tek stilling til kvar enkelt kandidat for seg sjølv. Valordninga må beskrivast i lovene for Vigra Indremisjon.

Alle medlemmar kan føreslå kandidatar til kyrderådet, men medlemmane i kyrderådet og styret må vurdere om dette er ein kandidat dei vil legge fram. Om ein ikkje finn eigna kandidatar til ledige verv i kyrderådet er det betre at stillinga er ledig, fram til ein eigna kandidat kan veljast. Medlemmane i styret og kyrderådet, og også forsamlinga elles, må ha ei god og felles forståing om kva oppgåva som åndeleg leiarar går ut på. Dette må det undervisast om i forsamlinga. Fram til minst to aktuelle kandidatar er funne, har sagt seg villige til å stille som kandidatar og eventuelt blitt velt, skal styret ha funksjonen som åndelege leiarar.


Styret åleine har ansvaret for å fremje dei to første kandidatane, men dette skal ikkje gjerast med hast. Ein legg fram kandidatar når ein er klar for det. Både organisatoriske og personlege omsyn skal takast ~~om~~ når dette kan gjerast.

Leiarstruktur

Arbeidsgruppa finn å ville legge fram to ulike forslag til leiarstruktur:

I det første forslaget er kyrderådet og styret to heilt separate einingar. Medlemmane i kyrderådet er ikkje samstundes medlemmar i styret, og vice versa. Ein arbeidar likevel i lag med å løyse dei ulike oppgåvene, men har kvar sine ansvarsområde. Til dømes har begge organa ansvar for tenestegruppene, styret for den praktiske gjennomføringa, og kyrderådet for den åndelege gjennomføringa. Tenestegruppene er tenkt som styret og kyrderådet sine «hjelpande hender» som utfører det praktiske arbeidet, sjølvle drifta av dei ulike aktivitetane i regi av bedehuset. Til dømes kan ein ha tenestegrupper for møtevertar, pynting, teknikk, Awana, ungdomsarbeid, musikk, praktisk arbeid o.s.b. Denne modellen set store krav til samarbeid mellom styret og kyrderådet. Ein ser for seg at det kan oppstå konflikhtar eller ulike syn på korleis arbeidet skal drivast mellom dei to ulike organa. Arbeidsgruppa fryktar at det moglegvis lettare kan oppstå usemje i denne modellen, i og med at modellen legg opp til heilt separate organ. Sjå fig.1


Fig.1:



I det andre forslaget er medlemmane i hyrderådet samstundes også medlemmar i styret. Då vil talet på medlemmar i styret auke. I denne modellen vil styret (altså kombinasjonen av ordinære styremedlemmar og medlemmar i hyrderådet) få det totale ansvaret for drifta av Vigra Indremisjon, både juridisk, praktisk og åndeleg. Likevel vil dei overordna teologiske og åndelege spørsmåla bli arbeidd med av dei tre mennene i styret som også er medlemmar i hyrderådet. Styret vil i det daglege ta seg av alle spørsmål knytt til drift av Vigra Indremisjon, medan hyrderådet, i tillegg til å vere ein del av styret som driv foreininga, har eigne møte for å planlegge og samtale på eigen basis. Hyrderådet fører også åndeleg tilsyn med drifta. Hyrderådet vil framleis ha sin arbeidsinstruks som dei skal arbeide etter, i tillegg til at dei som styremedlemmar også arbeidar etter arbeidsinstruksen for styret.

På denne måten vil ein få eit styre/hyrderåd som har god kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Arbeidsgruppa ser for seg at det truleg er høgare terskel for usemje og konflikt i denne modellen, og i tillegg får ein eit hyrderåd som er «hands on» i alle situasjonar. Ei av ulempene med denne modellen kan vere at ein kan få litt «samrøre» mellom organa, og slik sett set denne modellen høge krav til integritet hos medlemmane i styre og kanskje spesielt hyrderåd. Ei anna ulempe er at det moglegvis kan noko meir arbeidspress og arbeidsmengde på medlemmane i hyrderådet. Sjå fig.2.

Fig. 2:




Tenestegrupper

Arbeidsgruppa ser for seg at arbeidet til Vigra Indremisjon, som i dag, kan organiserast etter prinsippet med tenestegrupper. Likevel ser arbeidsgruppa potensialet for forbetringar her. Vi vil foreslå at struktureringa blir tydlegare og ynskjer at kvar tenestegruppe har kvar sin leiar, og at ulike styremedlemmar har eit spesielt ansvar for ei eller fleire tenestegruppe. Dette tenkjer vi kan føre til betre og tydlegare relasjonar innan den enkelte tenestegruppe, og kommunikasjonen mellom tenestegruppene og styret blir enklare og meir open. Dette trur vi vil føre til at visjonen og fokuset som hyrderådet etter kvart legg opp til, enklare kan verte formidla til den enkelte arbeidar. I tillegg vil informasjon frå arbeidarane (om det ein lukkast med og eventuelt ikkje lukkast med) lettare nå styret og kan gjerast noko med. Det trur vi vil gi auka pågangsmot og mindre frustrasjon i forsamlinga. I tillegg ser vi for oss at dette vil føre til auka identifisering med «vår lokale forsamling» og slik meir aktivt ta del i å bygge fellesskapet. Det blir også enklare å samordne satsingar og fokusområde i arbeidet.

Sjølv om det er styret som har det overordna ansvaret for oppretting og drift av tenestegruppene, er det hyrderådet som fører det åndelege tilsynet, har det overordna ansvaret for oppmuntring og for å sjå og anerkjenne dei ulike personane i tenestegruppene. Inklusiv leiarane.

Enkelte gruppeleiarar kan ha ansvaret for fleire like tenestegrupper. Dette gjeld til dømes innan song og musikk, der ein leiar har ansvaret for fleire lovsongsteam, eller på same måte innan barnarbeid/Awana, der ein gruppeleiar har ansvaret for alle Awana-teama. Kvar gruppeleiar har sin kontaktperson i styret.

Fig 3:



Gruppeleiarar

Gruppeleiarane har ansvaret for å leie si eller sine tenestegrupper. Dei arbeidar etter ein eigen felles arbeidsinstruks for gruppeleiarar, som er meint til å vere til hjelp for den enkelte leiar til å gjere ein best mogleg jobb. Som leiarar er dei eigentleg tenarar for dei andre i sin gruppe. Dei har ansvaret for å sjå sine medarbeidarar, bygge samhald, legge til rette, og oppmuntre til innsats i sin gruppe. I tillegg har dei ansvaret for at sin gruppe arbeidar i tråd med gjeldande lover, og arbeidar i høve til dei fokusområde og tema som hyrderådet legg opp til. Kvar enkelt gruppeleiar har sin kontaktperson i styret, og er underlagt åndeleg tilsyn av hyrderådet.

Møte og arbeidsstruktur

Arbeidsgruppa vil peike på nokre moglege alternativ til møtestruktur i forhold til slik ein gjer det i dag. Vi anerkjenner at bedehuset vårt er lite med tanke på all aktiviteten som går føre seg, og at spesielt det framtidige Awana-arbeidet vil kome til å krevje plass. Vi vil difor legge fram nokre tankar

om kva som kunne vere ei mogleg løysing, slik at ein kanskje kan få fordelt spesielt barnearbeidet meir utover veka.

Basert på erfaringane til dei indremisjonsforeiningane vi har vore i kontakt med i denne prosessen, ser vi først og fremst at søndag formiddagsmøta må etablerast på fast basis og også vere for heile forsamlinga. Dette er etter vårt syn heilt avgjerande for å lukkast i målet om å vere ei forsamling/menighet for heile familien. Her bør alle, unge som eldre, kunne møtast. Dette trur vi vil vere med på å oppmuntre alle, det er kjekt og gjevande å møtast. Vi vil bli meir samanknytte som ei åndeleg familie, og på alle måtar kome nærare kvarandre.

Dette møtet meiner vi i utgangspunktet bør vere kvar søndag, men vi ser også at det krev ein kapasitet som vi i dag ikkje har, og at vi kanskje i første omgang bør legge opp til ein møtefrekvens sjeldnare enn det. Eit anna moment er nærleiken til kyrkja. Bibelen snakkar om einskap mellom dei kristne, og den tanken kan kanskje nokon seie blir utfordra om vi legg opp til konkurrerende gudstenester på bedehuset kvar gong det er gudsteneste i kyrkja.

Om ein isolert sett ser på Vigra Indremisjon og medlemmane våre, vil kanskje mange seie at det beste og kjekkaste for oss er om vi har søndagsmøter kvar søndag, men om vi skal sjå på heilskapen og korleis det kan bli oppfatta mellom dei som ikkje er medlemmar og som ikkje har sitt faste tilhald på bedehuset, vil vi føreslå at søndagsmøta med tilhøyrande Awana-samlingar i første omgang blir lagt opp fast til annakvar søndag og at ein då i utgangspunktet vel søndagar der det ikkje er gudstenester i kyrkja. På same tid er det viktig med kontinuitet for vårt eige arbeid. Ikkje minst gjeld dette awana-arbeidet. Det er difor viktig at vi følger ei fast rytme slik at arbeidet vårt blir enkelt å følgje med på når dei ulike samlingane skal vere. På denne måten vil vi kunne få nokre kollisjonar mellom kyrkje og bedehus, men dei fleste søndagane vil det vere anten det eine eller det andre.

Dei søndagane det ikkje er føremiddagsmøte kan det vere eit godt alternativ å samlast klokka 17 til familiesamling eller klokka 19:30. Slik vi ser det kan ein i framtida gjere fortløpande vurderingar om dette temaet og endre møtefrekvensen etter kvart dersom andre føresetningar kan leggjast til grunn.

Vidare ser vi at dersom det skal vere mogleg eller attraktivt for småbarnsfamiliar å kome på søndags formiddagsmøta, må ein ha eit opplegg for dei minste barna. Difor foreslår vi at noko av Vigra Indremisjon sitt arbeid for 3-9 åringer skal leggast til søndag føremiddag. Vi foreslår ei eller helst to Awana-samlingar på dette tidspunktet, i øvre sal og gamlekjøkkenet. På grunn av plassmangel må kanskje desse samlingane tilpassast i høve det opprinnelege Awana-opplegget.

Barna som er 10 år og eldre tenkjer vi kan ta del i gudstenesta i hovudsalen saman med dei vaksne, men vi bør også kunne lage til gamlekjøkkenet, eventuelt kjellaren, til eit «rom for avslapping» med sofa, bord og liknande, slik at dei barna som ikkje orkar å sitte på eit heilt møte kan trekkje seg tilbake dit. Kanskje lese ei bok, leike eller liknande. Vi må hugse at trivsel gjer at ein kjem att. Dette gjeld også barna! Dette rommet vil også kunne kome godt til nytte i samband med ungdomskveldane, og også til ulik møteverksemd i styrer, komitear og liknande.

Det kunne altså vere eit alternativ å bygge om lagerrommet i kjellaren til eit opphaldsrom. Ein kunne sette inn vindauge og kanskje også ei dør som rømningsvegar, og lage til skikkeleg slik at dei eldste barna, frå 10 år og oppover, kunne bruke dette rommet for å trekke seg tilbake, i staden for gamlekjøkket. Då kunne ein eventuelt behalde gamlekjøkkenet som awanarom og faktisk kunne avhalde to samtidige Awana-samlingar under formiddagsmøta på søndagar.

Vi anbefalar altså at noko av barnearbeidet til Vigra Indremisjon blir lagt til søndags føremiddag, men vi overlet til dei som driv barnearbeidet til å heilskapeleg leggje opp og bestemme korleis dette arbeidet skal gjennomførast.

Vidare meiner arbeidsgruppa at det er viktig å styrke bønnearbeidet i forsamlinga. Vi vil gjerne difor løfte fram bønne møte på tysdagar som viktige. Desse bør det bli meir fokus på. I tillegg kunne ein, i samband med desse, kanskje arrangert bibeltimar/bibelundervisning på tysdagar. Kanskje ikkje kvar gong, men annakvar eller tredje kvar tysdag. Ein kunne også legge opp til bibelundervisning i bolkar, altså to, tre eller fire tysdagar på rad, og så ei pause fram til neste bolk.

Ein kunne til dømes leggje bønne møte til klokka halv sju, og ha påfølgjande bibelundervisning frå halv åtte. Vi har fleire svært kapable bibelundervisarar i vår forsamling, og vi tenkjer at det kan vere lurt å trekkje veksling på desse. Då ville ein få ein god arena for å undervise om dei ulike fokusområda og dei tema som kyrderådet legg opp til.

Ungdomsarbeidet vil vi foreslå blir vidareført på laurdagar, med ungdomskveld kvar laurdag. Eventuelt fredagar dersom det er ynskjeleg frå ungdommane si side. På Sagabu i sommarhalvåret og på bedehuset vinterhalvåret, slik som i dag. Arbeidsgruppa ser også behovet for å knytte ungdommane og vaksne nærare kvarandre. Dette trur vi må til om danning av forsamling skal bli fullverdig. Slik det er i dag er arbeidet mellom ungdommane organisert av eit eige frittstående lag, med eige styre. Vi ser behovet for eit tettare samarbeid i framtida, spesielt for å kunne dra veksling på kyrderådet og eventuelt tilsette også i ungdomsarbeidet. For at forsamlinga skal bli heilskapeleg er det viktig at ungdommane er ein del av forsamlinga, og slik vi ser det vil det i større grad bli oppfylt dersom ungdomsarbeidet blir lagt inn under Vigra indremisjon. Håpet er at også ungdommane får sin forsamlingsidentitet knytt opp mot Vigra Indremisjon, i staden for Vigra Kristelege Ungdomslag.

Vi tenkjer at forsamlingsidentiteten gjer at terskelen for å halde fram, og overgangen frå ungdom til vaksen forsamlingsmedlem i Vigra Indremisjon, er lågare om ein heile tida har vore medlem i same organisasjon som barn og ungdom.

Vi ynskjer difor at Vigra Indremisjon inviterer Vigra Kristelege Ungdomslag til å bli ein formell del av Vigra Indremisjon. Altså at VKU sluttar å eksistere som eiga frittstående foreining, og at ungdomsarbeidet blir ei avdeling av Vigra Indremisjon.

Dette er i utgangspunktet meint å vere organisatoriske grep, og ikkje meint å gripe direkte inn i drifta av VKU. Det er viktig at ungdommane har autonomi og får styre sitt eige arbeid i stor grad, men slik vi ser det er det enklare for kyrderådet og eventuelt tilsette i Vigra Indremisjon å kunne hjelpe til i ungdomsarbeidet om ungdommane også formelt er ein del av Vigra Indremisjon. Ein kunne til dømes opprette eit ungdomsutval som står for drifta av ungdomsarbeidet. Dette kunne organiserast som ei tenestegruppe.

Avgjerda om dette må sjølv sagt heilt og fullt liggje til Vigra Kristelege Ungdomslag. Ingen må føle seg pressa inn i Vigra Indremisjon. Om VKU framleis ynskjer å stå fritt, bør det gode samarbeidet halde fram som i dag, og dei to styra bør fortsette å vere i dialog om å vidareføre eit så tett samarbeid som mogleg.

Liturgi

Arbeidsgruppa ser det slik at søndag føremiddagsmøta blir å rekne som denne forsamlinga sine gudstenester, og at ein difor bør legge inn ein form for liturgi i møta. Dette ser vi også er gjort i fleire

av dei forsamlingane vi har vore på besøk hos og snakka med. Ein slik liturgi kunne til dømes vere felles bønn av Fadervår, framseiing av den apostoliske truvedkjenninga og lysing av velsigninga. Vi meiner at ein viss grad av liturgi er med på å lage den høgtidlege ramma som ei gudsteneste skal ha.

Barnedåp og konfirmasjon

Bryllaup og gravferd

Tilsette i Vigra Indremisjon

Arbeidsgruppa anerkjenner at vi legg opp til eit stort og vidt arbeide som er svært ressurskrevjande. Vi er velsigna med mange frivillige som gjer ein fantastisk innsats på mange plan, men vi trur også at ein på eit gitt tidspunkt blir nøydd til å sjå i auga at utviklinga vil stoppe opp om ein berre skal basere seg på frivillige. Vi trur at det på sikt kan vere lurt å tilsette ein eller fleire til å ta seg av noko av den daglege drifta i Vigra Indremisjon. Vi vil likevel peike på at dei frivillige framleis skal vere ryggrada i arbeidet til Vigra Indremisjon.

Vigra Indremisjon er ei fri sjølvstendig foreining, som kan ha eigne tilsette. Til dømes ein forsamlingsleiar eller ungdomsarbeidar. Styret ved styreleiar er då i tilfelle næraste overordna, og styret vil ha arbeidsgjevaransvar. Dette vil vere krevjande å administrere for ei sopass lita foreining som Vigra Indremisjon.

Eit anna og enklare alternativ er at dei ein eventuelt tilset, har sin formelle tilsetjing i Sunnmøre Indremisjon, men har sine definerte arbeidsoppgåver knytt til Vigra indremisjon. På denne måten vil Vigra Indremisjon få ein faktura frå Sunnmøre Indremisjon for løn og sosiale utgifter i samband med denne tilsette. Si tek også all organisering og det formelle ansvaret ved tilsetjinga og arbeidsforholdet. Næraste overordna for den tilsette vil framleis vere styret i Vigra Indremisjon ved styreleiar.

Slike stillingar treng ikkje å vere 100% stillingar, men kan altså vere på deltid. Slik vi ser det er det ein ungdomsarbeidar og ein forsamlingsleiar/pastor som er mest aktuelt å tilsette.

Vi anerkjenner med stor glede at ungdomsarbeidet på Vigra er stort og samlar mange ungdommar til gudsteneste kvar laurdag kveld. Dette er fantastisk! På same tid ser vi at det er eit svært krevjande arbeid å stå i, og enormt mange frivillige arbeidstimar blir lagt ned i dette arbeidet, spesielt av nokre få svært sentrale personar. For å avhjelpe dette ser vi heilt klart behovet for ei løna stilling, der den som arbeidar med dette kunne bruke arbeidstida si til å organisere, legge opp og førebu ungdomskveldane. I lag med eit korps av frivillige unge vaksne leiarar som i dag.

Som eit alternativ til tilsetjing kunne ein kanskje tenkje T2 studentar frå Bibelskulen på Bildøy, men då vil ein ikkje ha same kontinuiteten.

Hus og lokalitetar

Vi ser som vi tidlegare har sagt at bedehuset vårt i grunnen er for lite. Spesielt gjeld dette lagerplass og rom for ulike aktivitetar i barne- og ungdomsarbeidet, når fleire arbeid skal gå føre seg samtidig. Det er også eit problem at ulike rom har ulik bruk til ulike grupper, og det medfører mykje ekstra arbeid med å rigge om romma til ulik bruk.

Det er også ein kjend problematikk at dersom kapasiteten i forsamlingsrom til stadigheit er meir enn 75-80% oppbrukt vil det opplevast som trangt og fullt av dei som går der. Det kan altså i seg sjølv vere med på å hindre vidare ekspansjon og utvikling. Arbeidsgruppa vil difor be styret om å ha dette i bakhovudet, og vurdere om ein skal starte ein prosess der ein tek sikte på å utvide romkapasiteten til forsamlinga.

Forhold til andre organisasjonar

Arbeidsgruppa erkjenner at arbeidet på bedehuset tradisjonelt har vore prega av samarbeid og påverknad frå fleire organisasjonar. Her kan nemnast Den Indre Sjømannsmisjon, Israelsmisjonen, Misjonssambandet, Opne Dører og mange fleire. Desse organisasjonane har i tidlegare tider ofte hatt eigne møteveker og enkeltmøter på bedehuset, og slik knytt kontakt med misjonsfolket.

Slik vi ser det blir det mindre rom for slike møter i framtida. Dette både på grunn av at dei fleste slike organisasjonar i langt mindre grad sender ut talarar til slike møteveker, men også på grunn av slik samfunnet er organisert i dag er det langt færre som har anledning til å gå på møte så ofte som ein kunne før. I tillegg har Vigra Indremisjon også lagt opp til arbeid fleire gonger i veka, slik at både folk og bedehuset er opptatt i eiga verksemd. Dette gjeld mellom anna bibelgrupper, barnearbeid og ungdomsarbeid.

Vi vil difor anbefale at ein opprettheld kontakta til andre organisasjonar ved å invitere dei til å tale på nokre av søndagsmøta i staden for at dei held eigne møter på bedehuset. Vi vil også anbefale at nokre av desse organisasjonane jamleg blir inviterte slik at Vigra Indremisjon etablerer eit nært forhold til desse, og ser på arbeidet til desse utvalte organisasjonane som ein utvida del av arbeidet til Vigra Indremisjon.

Erfaringane frå dei indremisjons-forsamlingane vi har snakka med, og som har organisert arbeidet på denne måten, er at organisasjonane ofte har fått større inntekter enn før frå dei aktuelle forsamlingane. Dette grunngir dei med at det er fleire som går på søndagsmøta, og som gir kollekt, enn det var når dei tillyste enkeltmøter ein vekedag. Dette vil truleg også resultere i at fleire vil få informasjon om dei ulike organisasjonane sitt arbeid.

Gjevarteneste

Jesus har sagt at det er sælare å gje enn å få (Ap 20,35b). Å gje er ein del av Guds vesen, og for oss er det å vere raus ein måte å likne Gud!

Guds Ord gir oss til og med praktiske råd om regelmessig å «sete til sides» eit bidrag som høyrer Gud til (1 Kor 16,2). Paulus kallar dette for ei gudsteneste, då denne faste gjevartenesta vil føre til ei «overflod av takkebøner til Gud» (2 Kor 9,12). Desse gåvene var med på å leggje grunnlaget for det diakonale arbeidet i Guds rike – og at evangeliet stadig vart forkynt for nye menneske.

Bibelen legg også vekt på at dette forvaltaransvaret er noko vi skal få gjere med eit glad hjarte (2 Kor 9,7). Vi er sæle når vi mottar gåver frå Gud, men det er endå sælare å ære Gud ved raust å gje vidare av det vi har fått av Han!

Det viser seg at det å gje regelmessig gir størst verknad både for oss sjølv og for forsamlinga.

Personleg treng vi alle å verte påminna om vi ikkje kan tene både «Gud og Mammon» (Matt 6,21 og 1 Tim 6,10). Der vi plasserer pengane våre, plasserer vi hjartet vårt.

Vår *forsamling* treng ein forutsigbar og tilstrekkeleg økonomi.

Særleg gjeld dette når satsinga har ein offensiv karaktør der ein er avhengig av større og regelmessige gåver for å kunne realisere oppgåvene.

Eit aktuelt døme: Å tilsetje ein td. ein ungdomsarbeidar i 50%-stilling vil innebere ei årleg omkostning på vel 200.000 kr. Gjennom fast gjevarteneste kan dette realiserast ved at ca 20 pesonar gir 1000 kr kvar månad. Dette syner potensialet i ei slik teneste.

Kan ordet i Ef 5,15-17 (DNB 1978/85) som talar om å «kjøpe den laglege tida» ved at vi lever på ein vis måte, gje oss ein felles motivasjon til å satse enno meir strategisk også reint økonomisk, mens vi enno har tid? I bibelsk forståing er dette å rekne som ei viktig investering i eit æveperspektiv (Luk 16,9).

Paulus var svært tydeleg når han gav råd til Timoteus i høve forvaltning av pengar. Han oppsummerte det heile slik: gjer godt, ver rik på gode gjerningar, gje med raus hand og del villig med andre (2 Tim 6,18)

Vår forsamling har gjennom ImF tilgang til gode hjelpeordningar med tanke på å gjennomføre fast gjevarteneste. Ordninga gir rett til skattefrådrag. Beløpsgrensene er mellom 500 – 40.000 kr for 2018.

Nyttig lesnad:

Malaki 3,10; Matt 6,19-21; Luk 11,42; 2 Kor 8 og 9; 1 Tim 6,6-19

Visjon for arbeidet

Lovar for Vigra Indremisjon

Dersom dette forslaget til omorganisering skulle bli vedteke blir det nødvendig med ei endring av lovane slik at dei samsvarer med den drift og organisering som dette forslaget legg opp til. Vi vil difor legge fram forslag til nye lover i Vigra Indremisjon. Arbeidsgruppa erkjenner at vår forsamling består av menneske med ulike teologiske syn. Når vi no foreslår å innføre hyrderåd, og meir struktur og styring i arbeidet og forkyninga, ser vi også at dette lett kan føre til ulike syn og meiningar om kva fokus arbeidet skal ha. Kanskje også til konflikhtar. Arbeidsgruppa frykter at dersom lovane låser forsamlinga, og dermed hyrderådet og leiinga, til eit bestemt syn kan det føre til at relativt mange i forsamlinga blir avskorne for å ta fullt ut del i forsamlinga og vere ein del av bedehusfamilien med alt det inneber.

Arbeidsgruppa ynskjer difor at ordlyden i lovane, og praksisen i utøvinga, skal vere slik at flest mogleg av dei som er medlemmar og aktive i Vigra Indremisjon i dag framleis skal kunne gjere teneste og vere medlemmar i forsamlinga. Utan å måtte gå på akkord med eiga oppfatning eller teologisk syn.

Slik vi ser det kan ulike dåpssyn, og ulike syn på nattverd, kanskje vere dei temaa som først og fremst kan skape problem. Arbeidsgruppa er også delte i kva for syn som vi bør legge fram som alternativ. Difor vel arbeidsgruppa å legge fram tre ulike forslag til ny §1, som omhandlar føremål og teologisk ståstad. Berre eit av desse forslaga skal eventuelt vedtakast og vere ein del av dei framtidige lovane i Vigra Indremisjon. Arbeidsgruppa er også usikre på om alle desse tre forslaga kan godtakast av styret i Sunnmøre Indremisjon, difor har vi sendt dei ulike forslaga til Johan Halsne for uttale. Dette har vi ikkje fått svar på enno, men grunna tidsnaud vel vi å sende over forslaget slik det ligg føre no, så må svaret frå SI vere ein del av den heilskaplege vurderinga som styret gjer i denne saka.

§ 1 Føremål (forslag A)

Føremålet med Vigra Indremisjon er å vere med på å utbreie Guds rike. Hovudsatsinga er kristent arbeid på Vigra og dei næraste områda, men vårt kall som kristne er også å støtte opp under evangelisk og humanitært arbeid andre stader i verda. Vigra Indremisjon bygger si verksemd på Guds ord, og den evangeliske lutherske vedkjenning.

§ 1 Føremål (forslag B)

Føremålet med Vigra Indremisjon er å vere med på å utbreie Guds rike. Hovudsatsinga er kristent arbeid på Vigra og dei næraste områda, men vårt kall som kristne er også å støtte opp under evangelisk og humanitært arbeid andre stader i verda. Vigra Indremisjon bygger si verksemd på Guds ord.

§ 1 Føremål (forslag C)

Føremålet med Vigra Indremisjon er å vere med på å utbreie Guds rike. Hovudsatsinga er kristent arbeid på Vigra og dei næraste områda, men vårt kall som kristne er også å støtte opp under evangelisk og humanitært arbeid andre stader i verda. Vigra Indremisjon bygger si verksemd på Guds ord, og den evangeliske lutherske vedkjenning. Vigra Indremisjon ønskjer óg så langt det er råd å ivareta medlemmer som har eit ikkje-luthersk dåps- og nattverdssyn i si ordinære verksemd.

§ 2 Tilslutning og medlemskap

Vigra Indremisjon er tilslutta Indremisjonsforbundet gjennom Sunnmøre Indremisjon. For å vere medlem i Vigra Indremisjon må ein vere fylt 15 år, og vedkjenne seg som kristen. Ein blir medlem ved å melde seg inn, og ein er medlem til ein eventuelt melder seg ut. Barn mellom 0-14 år kan skrivast inn som barnemedlem utan stemmerett på årsmøtet.

§ 3 Årsmøtet

Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ og skal haldast innan utgangen av januar kvart år. Årsmøtet skal kvart år handsame årsmelding, revidert rekneskap og gjennomføre val. I tillegg kan styret legge fram andre saker dei vil ha handsama av årsmøtet.

§ 4 Styret

Styret blir velt av årsmøtet og skal ha det overordna ansvaret for den daglege drifta av Vigra Indremisjon, i samsvar med styret sitt arbeidsinstruks, vedteken av årsmøtet. Styret skal bestå av 6 medlemmer¹, som blir velt for to år i gongen. Styret vel sin eigen leiar og nestleiar. Kasserar kan veljast i eller utanfor styret. Revisor skal veljast utanfor styret og hyrderåd.

§ 5 Hyrderådet

¹ Talet vil variere med kva for modell av åndeleg leiarskap som blir velt. Dersom ein vel modellen der hyrderådet er integrert i styret vil talet på styremedlemmar vere 9.

Hyrderådet blir velt av årsmøtet og skal ha det overordna åndelege ansvaret i forsamlinga, i samsvar med hyrderådet sin arbeidsinstruks, vedteken av årsmøtet. Hyrderådet skal bestå av 3 eigna menn med funksjonstid på 7 år. Hyrderådet kan i enkelte høve fungere i ein avgrensa tidsperiode med 2 mann, fram til ein tredje person kan veljast. Medlemmar i hyrderådet kan veljast på nytt etter ein fullført periode. Dersom det er aktuelt med ein tredje periode må vedkommande først ha minst eit års pause frå hyrderådet før han kan veljast på nytt. Forslag til nye medlemmar i hyrderådet blir lagt fram for årsmøtet i samarbeid mellom styret og hyrderådet. Årsmøtet skal ta stilling til kvar enkelt person for seg, og ikkje velje mellom to eller fleire ulike kandidatar til ein ledig plass.

Ein eventuell forsamlingsleiar skal ha plass i hyrderådet i tillegg til dei tre velte medlemmane. Han er ikkje bunden av tenestetid, men har plass i hyrderådet lenge han er i stillinga.

§ 6 Endring av lovane

Endring i lovane for Vigra Indremisjon kan berre skje på årsmøtet, og dersom minst 2/3 av dei frammøtte medlemmane med stemmerett røystar for endring. Framlegg om endring i lovane må kome frå styret, eller minst 10% av medlemmane. Framlegga må kome skrifteleg, minst to månader i førevegen av årsmøtet. Styret gjer kjent eventuelle framlegg til lovendingar i innkallinga til årsmøtet.

Framdriftsplan